



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2014/347-5
Arkiv: 026
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 10.11.2014

Saksframlegg

Kommunereformen - Kommunal prosess

Utvalsak	Utval	Møtedato
14/76	Formannskapet	01.12.2014
14/91	Kommunestyret	18.12.2014

Forslag til vedtak:

Midsund kommune vel å følge «løp» 2 i prosessen og endeleg vedtak vert fattast våren 2016.
Midsund kommune vedtek vedlagt plan for prosessen.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.12.2014

Midsund kommune vel å følge «løp» 2 i prosessen og endeleg vedtak vert fatta våren 2016.
Midsund kommune vedtek vedlagt plan for prosessen.

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Stortinget fatta vedtak om gjennomgang av kommunestrukturen den 18.06.2014.
Kommunereformen har som mål:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilheitleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gi større kommunar fleire oppgåver

Dette er mål alle kommunane skal gjere sine vurderingar av i løpet av prosessen fram mot vedtak våren 2016.

Ekspertutvalet legg fram sin sluttrapport til regjeringa 01.12.2014. Denne rapporten vil innehalde ei vurdering om kommunane skal få fleire oppgåver, og i så fall kva type oppgåver. Våren 2015 blir det lagt fram Stortingsmelding.

Forslag til nytt inntektssystem kjem i Kommuneproposisjonen våren 2016. Signala her er at inntektssystemet vil bli lagt om slik at det er med på å underbygge regjeringa si målsetjing om færre, større og meir robuste kommunar.

I Stortingsvedtaket frå 19.06.2014 står nemnt to sentrale punkt:

1. Alle kommunar har utgreiingsplikt.
2. Det er eit mål å sørge for gode og lokale forankra prosessar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har skissert 3 hovudfasar i arbeidet:

Fase 1. Oppstartsfase (2014)

I løpet av hausten skal alle kommunestyra i Møre og Romsdal diskutere og gjere vedtak om korleis prosessen skal kjørast i kvar kommune. Her er det viktig med god dialog med innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv, medarbeidarar og tillitsvalde. Det er viktig at ungdommen er med.

Innan 31.12.2014 skal vi gjere vedtak om korleis prosessen skal kjørast i Midsund kommune. Vedtaket skal sendast Fylkesmannen. Dette utløyser kr 200.000 i prosessstøtte.

Kommunen utpeiker ein kontaktperson i forhold til Fylkesmannen. Ein foreslår at rådmannen vert kontaktperson for Midsund kommune.

Fase 2 Utredningsfasen (2015)

Skal ein vere med på det raskaste løpet, så krevst det at det vert fatta likelydande vedtak i dei aktuelle kommunestyra i løpet av 2015.

Midsund kommune vel å vere med på «løp» 2. Det skal lagast ein statusrapport innan 01.07.2014-denne skal sendast til Fylkesmannen.

Fase 3 Beslutningsfase (våren 2016)

I oppdragsbrevet står : «Alle kommuner skal fatte kommunestyrevedtak innen sommeren 2016.»

Kort om ROR-prosjektet:

Midsund kommune er med i ROR-prosjektet. Dette prosjektet har uttalt slikt effektmål:

«Utredningen skal gi et tilstrekkelig faktagrunnlag for at hver av ROR-kommunene kan gjøre sine valg om framtidig kommunestruktur i løpet av perioden mai 2015-2016.»

Prosjektet har slike resultatmål:

Utgreiinga skal fokusere på dei 4 målområda for reformen - korleis få til:

- Heilheitleg og samordna samfunnsutvikling
- Gode og likeverdige tenester
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

I Prosjektplanen står det vidare:

Utgreiinga skal utgreie ulike modellar for Romsdalskommunane der alle alternativ inneheld minst 2 kommunar.

Utgreiinga skal vere eigna som fakta- og prosessdokument for lokale vedtak i dei enkelte kommunane

Utgreiinga skal ende opp i ein sluttrapport som blir lagt fram for kommunestyra til behandling.

Prosjekteigar er medlemsmøtet i ROR.

Styringsgruppe er Styret i ROR, saman med to tillitsvalde.

Ei prosjektgruppe er samansett av rådmennene i ROR. Ei politisk prosjektgruppe vert sett saman av 3 politiske representantar frå kvar kommune. Arbeidet skal munne ut i ein sluttrapport som skal vere ferdig innan 15.juni 2015

Korleis få til gode og lokalt forankra prosessar i Midsund kommune?

I tillegg til ROR-prosjektet vil vi kjøre eit lokalt løp.

Vedlagt er det laga forslag til ein kort milepælsplan som viser korleis vi vil arbeide med kommunereformen.

Vurdering:

Kommunereformen er ein stor og viktig reform. Det er difor særst viktig at ein har gode og ryddige prosessar som gir best muleg grunnlag for dei vedtak-a som skal fattast våren 2016.

Vedlagt ligg forslag til ein plan for lokalprosess.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Saka vil krevje mykje tid og ressursar- både administrativt og politisk. Planen vil utløyse prosesstøtte. Dette beløpet er innarbeid i rådmannen sitt budsjettforslag for 2015.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Milepælsplan for Midsund kommune

Vedlegg (uprenta):

Prosjektplan ROR.

Forventningsbrev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Særutskrift går til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset 6404 Molde